
Saknr: 2020/36298-5
Saksbehandlar: Bjørg Larsen

Saksgang

Utval	Utv.saknr.	Møtedato
Hovudutval for kultur, idrett og integrering		04.06.2020

Fordeling av investeringstilskot til idrettsanlegg der ein kan arrangere større nasjonale og internasjonale meisterskap

Forslag til vedtak

Hovudutval for kultur, idrett og integrering tildeler investeringstilskot til idrettsanlegg der ein kan arrangere større nasjonale og internasjonale meisterskap, til følgjande anlegg:

Søkar	Søknad	Tilråding
Bergen kommune	Fana stadion utstyr	500 000
Bergen kommune	Fana stadion oppgradering	1 500 000
Totalt til fordeling		2 000 000

Samandrag

Innsatsområdet er forankra i Regional kulturplan for Hordaland (2015-2025) og i Regional kulturplan for Sogn og Fjordane (2019-2027).

Fellesnemnda vedtok 18. juni 2019 [Anleggspolitikk og kriterier for tildeling av spelemidlar til anlegg for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv for Vestland fylkeskommune med handlingsprogram 2020 - 2024](#). Om toppidrettsanlegg står det følgjande: *Toppidrett har sterke særiddrettslege krav til anleggsbygging og -utvikling. Det må byggjast store og kostnadskrevjande anlegg med regional og nasjonal verdi for at unge lovande utøvarar og toppidrettsutøvarar skal kunne utvikla seg vidare i fylket, og at Vestland skal kunne vere vertskap for større internasjonale og nasjonale meisterskap.*

Tiltak 4 i handlingsprogrammet omhandlar investeringstilskot til anlegg der ein skal arrangere større nasjonale og internasjonale meisterskap. Føremålet er å medverke til at regionen utviklar kostnadskrevjande idrettsanlegg som har regional og nasjonal verdi, der ein kan arrangere nasjonale og internasjonale meisterskap. Store meisterskap vil kunne skape bredt engasjementet, samhald, motivasjon til idrettsleg satsing og positive ringverknader for næringslivet.

Ordninga med fylkeskommunalt investeringstilskot har eksistert i Hordaland fylkeskommune sidan 1993. Hovudutval for kultur, idrett og integrering vedtok retningsliner for ordninga 13.02.2020.

Per Morten Ekerhovd
fylkesdirektør

Britt Karen Spjeld
seksjonsleiar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift

Saksutgreiing

Vestland fylkeskommune sitt investeringstilskot skal medverke til at regionen utviklar store og kostnadskrevjande idrettsanlegg som har regional og nasjonal verdi. Ordninga med fylkeskommunalt investeringstilskot har eksistert sidan 1993, med litt ulike innretningar. Anlegg som tidlegare har fått investeringstilskot frå denne ordninga i Hordaland er samla i vedlagte oversikt.

Ordninga med fylkeskommunalt investeringstilskot har vore avgjerande for at meisterskap har blitt og kan bli arrangert i Vestland fylke. Toppidretten har sterke særiddrettslege krav til anleggsbygging og -utvikling som gjer at kostnadane vert særst høge. Delar av kostnadane til oppgradering av anlegga i samband med meisterskap vert ikkje dekkja gjennom spelemiddelordninga (dekker inntil 1/3 av byggekostnadane).

Fylkeskommunalt investeringstilskot vert berre løyvd til faste bygg/anlegg. Vestland fylkeskommune føreset tidleg dialog om utvikling av anlegget. Anlegget det vert søkt om støtte til, skal vere forankra i ein kommunal plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv. Søknaden skal og innehalde ei vurdering av anlegget sin nasjonale verdi, med uttale frå respektive særforbund. Om det vert søkt om investeringstilskot til eit anlegg med regional verdi som finst frå før i Vestland, er det opp til søkjar å skildre kva som skil anlegget i høve til det/dei som eksistera. Storleik på støtta vert vurdert i høve til godkjend kostnadssum på spelemiddelsøknaden og tilskot frå andre fylkeskommunale støtteordningar. Søknad om investeringstilskot skal sendast via kommunen og innehalde skildring av anlegget med finansieringsplan og kostnadsoverslag.

Vedtakskompetanse:

Utval for kultur, idrett og integrering

Vurderingar og verknader

Generelt	
Budsjett 2020	2 mill
Søknadsfrist 2020	30. april
Vedtaks kriteria	KULII 13.02.20
Kriteria og informasjon om ordninga	https://www.vestlandfylke.no/idrett-og-friluftsliv/idrett/investeringstilskot-til-anlegg-der-ein-kan-arrangere-storre-nasjonale-og-internasjonale-meisterskap/

2020	
Tal på søknadar	2
Samla søknadssum	3 mill
Tilrådd til fordeling	2 mill

Dei to søknadane frå Bergen kommune er ein del av eit større arbeid med å oppgradere Fana stadion i samband med at det skal arrangerast NM i friidrett i 2020 og EM i friidrett for under 23 år i 2021. Dette er omtala i Anleggspolitikken for Vestland. Det europeiske friidrettsforbundet (European Athletic Association) stiller strenge krav til vertskapsarena. Bergen kommune har totalt nytta om lag kr 10 mill. for å imøtegår dei ulike anleggstekniske krava. Dette gjeld m.a. areal for oppvarming, etablering av nytt kastfelt for kule og nytt felt for lengdehopp og stavsprang. I tillegg skal arrangementsbygget oppgraderast og nødvendig utstyr kjøpast.

Tildelinga av investeringstilskot til idrettsanlegg der ein kan arrangere større nasjonale og internasjonale meisterskap, bør sjåast i samanheng med sakene om arrangementsstilskot. I møte 13. februar 2020 løyvde KULII kr 135.000 til NM i friidrett og i møte 19.05 2020 vart sak om EM i friidrett for ungdom 2021 handsama.

Store meisterskap vil kunne skape bredt engasjementet, samhald, motivasjon til idrettsleg satsing og positive ringverknader for næringslivet. Det å posisjonere Vestland som vertskap for større arrangement er eit av innsatsområda i Idrettscampus Bergen.

Idrettsutøvarar frå heile fylket flyttar til Bergen for å kombinere vidare utdanning med toppidrettssatsing. Såleis er det viktig at fylkeskommunen bidreg til å støtte oppunder gode trenings- og konkurransehøve for toppidrettsutøvarar. I anleggspolitikken står det at *fylkeskommunen skal samordne og koordinere offentleg innsats og verkemiddelbruk og mobilisere aktørar med ulike ressursar. Gjennom politisk forankring, koordinering og samhandling skal ein sikre balanse mellom Bergen som storby, regionsenterkommunane, andre kommunar som er vertskap for høgskulemiljø - Sogndal, Førde og Stord, og dei andre store, mellomstore og små kommunane i Vestland fylke.*

Økonomi: Tildelinga er i samsvar med budsjett.

Klima: Fylkesdirektør kan ikkje sjå at ordninga har monaleg klimaavtrykk.

Folkehelse: Regional plan for folkehelse 2114 - 2025 - fleire gode leveår for alle: Kulturopplevingar har positiv verknad på folkehelsa.

Regional planstrategi: Bidreg til å realisere Regional plan for kultur i Sogn og Fjordane 2019-2027, Kultur for alle, og regional plan for kultur i Hordaland 2015-2025

Konklusjon

Fylkesdirektør tilrår at forslag til vedtak vert følgd. Dette vil vere med på å støtte opp under Bergen som vertskapskommune for større nasjonale og internasjonale arrangement, og for toppidrettsutøvarar m.a. under utdanning.